



Møbeltransporten frå Sandeid til Gamleskulen i Uskedalen onsdag gjekk med utrykningsbilen til Viking med Sigurd Myklebust ved rattet. Henrik Lyse tek imot. Nå står det att å beise møbla. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen Utvikling satsar stadig meir på å rusta opp Gamleskulen som ein velegna og populær møteplass.
Det gjeld også det fine utearealet.**

Onsdag vart det teke eit nytt steg i så måte. Då vart fire bord og åtte benkar for ute-plassering transportert dit frå Sandeid Fengsel i Vindafjord. Sigurd Myklebust tok dei på utrykningsbilen til Viking då han likevel var i det aktuelle området..

UU har kjøpt møblane for 8.440 kroner opplyser leiar Gunnar Myklebust, som tykkjer at dette har vore eit godt kjøp.

- Eg kom over dette tilbodet fordi ein nabo også hadde kjøpt møblar frå Sandeid, Fengsel, fortel Myklebust.

Sandeid Fengsel er eit fengsel med sit såkalt lågere tryggleiksnivå. Dei 88 innsatte har eit svært allsidig tilbod både med omsyn til opplæring og arbeid.

Til dømes kan dei velgja mellom bilverkstad, jord og skogbruk, gartnerarbeid, vaskeri og altså snikkar- og trevarearbeid.

Av Ola Matti Mathisen